

54. Tove Elise Madland (Replik)

Norden har som visjon å bli den mest berekraftige regionen i verda. Klimakrisa blir merka i stor grad, særleg i år, og ho har både menneskelege og økonomiske konsekvensar. Forbruket vårt er årsaka til klimaendringane, og det kostar å avgrensa dette. Industrien tek eit stort ansvar og kuttar klimautslepp, og det er veldig bra.

Likevel er det ein konflikt og ei utfordring her. Skal me nå klimamåla våre, må dei vera tydelege. Ser Sveriges statsminister noka utfordring i at éin minister i ei regjering skal ha ansvar for både industri, klima og miljø?